



ULSTEIN KOMMUNE



# Retningslinjer for kameraovervaking på kommunal grunn og eigedom

Organisasjon og utvikling, teknisk etat og eigedomsavdelinga.

Sist revidert 11.02.2026

Sak 25/2945-7- PS saksnr. 35/26

Vedtak i kommunestyret 21.05.2026

[www.ulstein.kommune.no](http://www.ulstein.kommune.no)



## Innhald

1.	Formål og omfang .....	3
2.	Loverk og ansvar .....	3
3.	Formålsavgrensing .....	3
4.	Krav til vurdering.....	4
a.	Risikovurdering .....	4
b.	Naudsyn og interesseovervekt .....	4
c.	Personvernkonsekvensutgreiing (DPIA) .....	4
5.	Samarbeid med næringsliv og andre aktørar .....	5
6.	Informasjon og skilting.....	5
7.	Teknisk utforming og plassering .....	6
8.	Skular og barnehagar .....	6
9.	Arbeidsplassar .....	6
10.	Publikumsbygg .....	7
11.	Lagring, tilgang og systemkrav.....	7
a.	Lagring.....	7
b.	Utlevering.....	7
c.	Tilgang.....	7
d.	Systemkrav.....	7
12.	Internkontroll og revisjon .....	7
13.	Rettar for innbyggjarane.....	8
14.	Ansvar, organisering, vedtak og klage .....	8
17.	Sjekkliste .....	10



## 1. Formål og omfang

Kameraovervaking kan vere eit effektivt verktøy for å skape tryggleik, førebygge og oppklare lovbrøt og verne om verdiar. Samtidig kan overvaking vere eit inngrep i retten til privatliv og sporfri ferdsel.

Formålet med retningslinjene er å hjelpe kommunen med å ha god kontroll på korleis kameraovervaking blir brukt, og sørge for at det skjer på ein trygg, lovleg og ryddig måte.

Retningslinjene gjeld for overvaking med fastmonterte kamera på område, og i bygg og eigedomar kommunen eig eller forvaltar.

## 2. Lovverk og ansvar

All kameraovervaking skal skje i tråd med følgende lovverk:

- [personvernforordninga \(GDPR\) innarbeidd i personopplysningslova](#)
- [forskrift om kameraovervaking i verksemd](#)
- [arbeidsmiljølova § 9-6](#)
- [grunnlova § 102](#) og [menneskerettslova artikkel 8](#)
- [politiregisterforskrifta](#)
- [straffelova § 267](#)
- [straffeprosesslova § 202a](#)

## 3. Formålsavgrensing

Kameraovervaking skal normalt berre bli nytta dersom det er behov for:

- Førebygging av straffbare handlingar der det er stor fare for lovbrøt, og å bidra til at politiet lettare kan oppklare slike hendingar i etterkant.
- Å førebygge at farlege situasjonar oppstår og ta i vare tilsette, brukarar og innbyggjarar si tryggleik.

Kommunen kan berre utføre kameraovervaking dersom det ligg føre eit rettsleg behandlingsgrunnlag for det. I dei fleste tilfelle vil dette grunnlaget vere ei rettmessig interesse, jamfør personvernforordninga artikkel 6 bokstav f.

Det kan vere behov for å nytte kamera for å verne kritisk infrastruktur, som vassverk og tekniske installasjonar. Her vil behandlingsgrunnlaget vere at det er naudsynt for å utføre ei oppgåve i allmenn interesse eller utøve offentleg mynde, jamfør personvernforordninga



artikkel 6 bokstav e, forskrift om kommunal beredskapsplikt § 1 og § 2 og sivilbeskyttelsesloven § 1.

Kameraovervaking, opptak m.m. kan ikkje brukast til andre formål enn det som er skildra her.

## 4. Krav til vurdering

### a. Risikovurdering

Før kommunen eller andre aktørar set i gang med kameraovervaking, skal det alltid gjennomførast ei innleiande risikovurdering.

Denne vurderinga skal avdekke kva som kan gå gale og korleis vi kan førebygge det. Risikovurderinga må dokumenterast.

### b. Naudsyn og interesseovervekt

Kameraovervakinga må vere lovleg og heilt nødvendig for formålet for kva enkelt område og bygg der det blir installert.

Det skal alltid ligge føre ei dokumentert vurdering for kvart enkelt område/bygg, som viser at overvakinga kan vere eit egna verkemiddel for å oppfylle formålet. Vidare skal det alltid ligge føre ei vurdering av om problemet kan bli løyst eller risikoen gjerast mindre gjennom andre, mindre inngripande tiltak. I enkelte tilfelle kan det vere krav om at den som vil overvake har prøvd ut andre løysingar utan å oppnå ønska effekt.

Døme på alternative tiltak kan vere:

- Fysisk sikring
- Avgrensa tilgang, tilgangskontroll, lås- og alarmsystem
- Auka bemanning eller vakthald
- Opplæring, bevisstgjerung og gode rutinar med dei tilsette

Interessa i å overvake med kamera må vege tyngre enn personvernet til dei som blir filma. Derfor må det alltid ligge tungtvegande interesser til grunn.

Interesseavveginga er også påverka av kva for andre tiltak som er teke i bruk og korleis dei involverte (dei registrerte) opplever overvakinga. Det skal ligge føre eit konkret problem eller ei hending som har funne stad – det er ikkje nok at noko kan skje i framtida.

Følgande støttedokument kan nyttast for å gjere denne vurderinga:

[MAL Vurdering av rettmessig interesse.docx](#)



### c. Personvernkonsekvensutgreiing (DPIA)

I dei tilfelle overvakinga kan medføre høg risiko for personane sine rettar og fridomar er det krav om DPIA (Data Protection Impact Assessment) – noko som vil vere tilfelle ved kameraovervaking på offentlege område.

Den innleiande risikovurderinga vil avdekke behovet for ein DPIA.

Ein DPIA er ein dokumentert prosess, der dei ansvarlege viser at dei har vurdert alle konsekvensar denne aktiviteten vil ha for personvernet.

Kommunen har støtteverktøy og malar for å gjennomføre dette.

## 5. Samarbeid med næringsliv og andre aktørar

Dersom næringsliv, organisasjonar eller andre aktørar har behov for kameraovervaking som heilt eller delvis dekkjer kommunal grunn – til dømes ved ei småbåthamn, eit parkeringsområde eller liknande – skal dei ta kontakt med kommunen før utstyr blir montert.

Kommunen har eit [skjema](#) for å melde inn behov for kameraovervaking.

I skjemaet skal aktøren beskrive:

- formålet med overvakinga
- kva område som skal overvakast
- vurderingar av personvern og alternative tiltak som er gjort, jamfør punkt 4

Kommunen vil vurdere søknaden, og kan gi løyve med atterhald og/eller vilkår.

Alle løyve og avslag skal vere skriftleg og i vedtaks form.

Ved eventuelle endringar og oppgraderingar av eksisterande overvaking, skal det søkast om nytt løyve og vedtak.

## 6. Informasjon og skilting

Alle overvaka område skal merkast med varselskilt, og dei skal vere plassert slik at dei enkelt blir fanga opp av dei som bevegar seg inn på det overvaka området.

Skilta skal innehalde informasjon om formålet med overvakinga og kontaktinformasjon til den som er ansvarleg.

Før iverksetjing av ny kameraovervaking, skal kommunen alltid vurdere om der er behov for

fleire informasjonstiltak for å sikre ei tilstrekkeleg openheit, jamfør personvernforordninga artikkel 13.

Personvernerklæringar og informasjon om kameraovervaking av allmenn interesse i kommunen, skal til ei kvar tid ligge tilgjengeleg ute på nettstaden til kommunen. Med unntak av der informasjonen vil kunne lette gjennomføringa av straffbare forhold, jamfør offentleglova § 24.

## 7. Teknisk utforming og plassering

Kamera skal berre fange opp det området som skal omfattast av overvakinga og aldri meir enn det som er heilt nødvendig for å oppnå formålet. Det skal gjennomførast ei befaring av område og/eller bygg i samarbeid med kameraleverandør for å klargjere dette, i samband med dei innleiande risikovurderingane.

Tiltak for å avgrense kan vere å endre kameraplassering eller vinkel, eller snevre inn bildeutsnittet. Ei anna løysing kan vere fysisk avskjerming av kva som blir filma eller digital maskering/sladding av delar av bildet. Ei slik maskering må ikkje kunne fjernast frå opptaka i ettertid.

Overvaking med lyd er ikkje tillate, og skjult lydopptak av andre sine samtalar kan vere straffbart.

## 8. Skular og barnehagar

Kameraovervaking av skular og barnehagar skal vere avgrensa til periodar utanfor normal opningstid. Dette gjeld både inne og ute, og på stadar born ferdast i kvardagen sin. Born, elevar og føresette skal vere godt informert om overvakinga og kor tid den skjer.

Informasjonen skal vere tilpassa slik at den også er forståeleg for born.

Det skal dokumenterast at tillitsvalde og aktuelle utval er blitt orientert.

Kameraplasseringa skal i den grad det er mogleg og føremålstenleg, ta særleg omsyn til at leikeområde ikkje blir omfatta av opptak, med mindre dette er klart omfatta av formålet.

Merk at born og unge er sårbare og har krav på eit særskilt vern, som alltid vil utløyse eit behov for DPIA.

## 9. Arbeidsplassar

Kameraovervaking på arbeidsplassar og på område i verksemda der ei avgrensa gruppe tilsette ferdast jamleg, er berre tillate dersom det er behov for å:

- førebygge at farlege situasjonar oppstår
- ta i vare dei tilsette eller andre si tryggleik
- dekke eit særskilt behov for overvaking.

Så lenge kameraovervakinga ikkje blir definert som eit kontrolltiltak etter kapittel 9 i arbeidsmiljølova, bør område der det berre er tilsette som ferdast jamleg, ikkje bli fanga opp av overvakinga.

## 10. Publikumsbygg

For publikumsbygg, skal det alltid gjerast ei konkret vurdering av tidsrommet for kameraovervakinga, slik at den primært skal skje utanfor opningstid og/eller med lav/inga bemanning.

## 11. Lagring, tilgang og systemkrav

### a. Lagring

Opptak skal lagrast i maksimalt 7 dagar, og skal bli automatisk sletta når lagringsperioda går ut. Dersom det er sannsynleg at eit opptak vil bli utlevert til politiet, kan det lagrast i inntil 30 dagar. Spesifikk lagringstid skal vere definert for kvart formål og installasjon.

### b. Utlevering

Opptak kan normalt berre utleverast til politiet i samband med politimeldingar/meldingar om lovbrøt eller ulykker.

### c. Tilgang

Tilgang til system for kameraovervaking skal vere sikra med individuell, rollestyrt og sikker brukarpålogging, og vere avgrensa til autorisert personell og IKT drift.

### d. Systemkrav

System for kameraovervaking skal på lik linje med andre system som behandlar personopplysningar, følgje hovudprinsippa i informasjonssikkerheit (konfidensialitet, integritet og tilgjenge) og vere registrert i kommunen si sentrale systemoversikt.

Ved skytenester og/eller bruk av eksterne aktørar/leverandørar til drift eller lagring, skal det ligge føre ein databehandlaravtale i tråd med personopplysningslova.

## 12. Internkontroll og revisjon

Ansvarlege for kameraovervaking skal ha rutiner for regelmessig evaluering av kameraovervakinga, inkludert teknisk funksjon, formål og personvern. I evalueringa skal det gjerast ei vurdering av om interessa og behovet for kameraovervaking fortsatt veg tyngre enn personvernet til dei som blir overvaka.

Kommunen skal føre oversikt over alle kamera, formål og ansvarleg.

## 13. Rettar for innbyggjarane

Personar som blir overvaka har rett til informasjon og innsyn i eigne personopplysningar, med mindre der er rettslege grunnar til unntak.

For å ta i vare desse og andre rettar, har kommunen eit skjema som kan nyttast:

[Skjema for innsyn, retting, sletting, avgrensing og protest](#)

For meir rettleiing kan [Datatilsynet sine retningslinjer for bruk av kameraovervaking](#) nyttast.

## 14. Ansvar, organisering, vedtak og klage

### **Ansvar**

Kommunedirektøren er overordna behandlingsansvarleg for all kameraovervaking i kommunen.

Einingar som ønskjer å ta i bruk kameraovervaking, har ansvar for å gjennomføre dei faglege vurderingane (risikovurdering, interesseavveging, DPIA m.m.) og sende inn forslag til tiltak gjennom eige søknadsskjema.

Kommunen sin personvernkontakt og sikkerheitsansvarleg skal involverast tidleg og gi fagleg støtte.

Personvernombodet skal orienterast og få høve til å uttale seg før saka blir avgjort.

### **Vedtak**

All ny eller endra kameraovervaking skal vere godkjend ved formelt vedtak av kommunedirektøren, eller den myndet er delegert til.

Vedtaket skal byggje på dokumenterte vurderingar og vise til kva rettsleg grunnlag som ligg til grunn, jamfør personvernforordninga artikkel 6 og 9.



Vedtaket skal journalførast i saks- og arkivsystemet.

### **Klage**

Vedtak om å godkjenne, avslå eller endre kameraovervaking er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2, og kan klagast på.

Klageinstans er formannskapet, med mindre anna er bestemt i delegeringsreglementet.

Klagefrist er tre veker frå den som er part i saka, mottar vedtaket.

## 15. Dokumentasjon

Alle vurderingar og signerte avtalar skal arkiverast i sak- og arkivsystemet til kommunen. Vedtak, førespurnadar, søknadar, saksbehandling og korrespondanse med næringsliv og andre aktørar skal journalførast.

Retningslinjene skal ligge tilgjengeleg for ålmenta på kommunen sin nettstad.

Administrasjonen kan gjere mindre, ikkje-prinsipielle endringar i retningslinja utan ny politisk handsaming.

## 16. Referansar

[Personvernerklæring i Ulstein kommune](#)

[Kameraovervåking - hva er lov? | Datatilsynet](#)

[NSM sine grunnprinsipp for IKT-tryggleik](#)

[Retningslinjer for bruk av kameraovervåking | Datatilsynet](#)



## 17. Sjekkliste

Steg nr.	Aktivitet	Dokumentasjon	Frist
1	Avklare formål og omfang	Formålsskildring	Før oppstart
2	Gjennomføre innleiande risikovurdering	Risikovurderingsskjema	Før oppstart
3	Vurdere naudsyn og interesseovervekt	Dokumentert vurdering	Før oppstart
4	Avgjere behov for DPIA	DPIA-dokumentasjon	Før oppstart
5	Innhente søknad frå aktør	Søknadsskjema og godkjenning	Før installasjon
6	Informasjon og skilting	Skilt og personvernerklæring	Før drift
7	Teknisk utforming og plassering	Plasseringsplan	Før drift
8	Spesielle område (skular/barnehagar, arbeidsplassar, publikumsbygg)	Dokumentert vurdering og info til berørte	Før drift
9	Databehandlaravtale	Signert avtale	Før drift
10	Systemkrav og tilgang	Systemoversikt og autorisasjonsliste	Før drift
11	Lagring og sletting	Logg og sletterutinar	Kontinuerleg
12	Internkontroll og revisjon	Evalueringsrapport	Årleg
13	Rettar for innbyggjarar	Skjema til sak/arkiv	Kontinuerleg
15	Arkivering	Journalføring i sak/arkiv	Kontinuerleg